

Geir Martin Pilskog og Erik Sverrbo

**Bruk av informasjons- og
kommunikasjonsteknologi i
næringslivet 1999**

Rapporter

I denne serien publiseres statistiske analyser, metode- og modellbeskrivelser fra de enkelte forsknings- og statistikkområder. Også resultater av ulike enkeltundersøkelser publiseres her, oftest med utfyllende kommentarer og analyser.

Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, september 2000
Ved bruk av materiale fra denne publikasjonen,
vennligst oppgi Statistisk sentralbyrå som kilde.

ISBN 82-537-4838-8
ISSN 0806-2056

Emnegruppe

10.03 Teknologiske indikatorer

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Statistisk sentralbyrå

Standardtegn i tabeller	Symbols in tables	Symbol
Tall kan ikke forekomme	Category not applicable	.
Oppgave mangler	Data not available	..
Oppgave mangler foreløpig	Data not yet available	...
Tall kan ikke offentliggjøres	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte enheten	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte enheten	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Foreløpig tall	Provisional or preliminary figure	*
Brudd i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brudd i den vannrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Rettet siden forrige utgave	Revised since the previous issue	r

Samandrag

Geir Martin Pilskog og Erik Sverrbo

Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i næringslivet 1999

Rapporter 2000/24 • Statistisk sentralbyrå 2000

Denne rapporten skildrar bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i næringslivet i 1999. Resultata byggjer på ei utvalsbasert undersøking som Statistisk sentralbyrå gjennomførte kring årsskiftet 1999/2000. Undersøkinga femna om nesten 5 000 private føretak.

Definisjonar av tekniske uttrykk og omgrep presenterast i eit eige oversyn, men vert også gjorde greie for i dei enkelte kapitla.

I 1999 hadde berre kvart tiande føretak med tilgang til Internett og minst ti sysselsette ei omsetning på minst 1 prosent av den totale omsetninga frå elektronisk handel via Internett. Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi var utbreidd i næringslivet ved utgangen av 1999. Så godt som alle føretak hadde teke i bruk informasjonsteknologi. Tilgangen til Internett var også stor. Resultata syner at 2 av 3 føretak hadde tilgang til Internett. Om lag 1 av 4 føretak hadde Intranett, medan under 1 av 10 brukte Ekstranett. EDI var ein mindre utnytta teknologi enn Internett. I 1999 brukte 1 av 5 føretak EDI. Publikasjonen finst også på heimesidene til SSB, <http://www.ssb.no>.

Prosjektstøtte: Nærings- og handelsdepartementet.

Abstract

Geir Martin Pilskog og Erik Sverrbo

Use of Information and Communication Technology in Enterprises 1999

Reports 2000/24 • Statistics Norway 2000

This report describes the use of information and communication technology in enterprises in 1999. The results are based on a postal survey that Statistics Norway carried out at the end of 1999/beginning of 2000. The sample consisted of almost 5 000 private enterprises.

Definitions of technical expressions and concepts are presented in a separate compilation and will also be explained when used in the different chapters.

In 1999 only 1 out of 10 enterprises with access to the Internet and at least ten employees made at least 1 per cent of their total turnover from electronic commerce via the Internet. Use of information and communication technology in enterprises was widespread by the end of 1999. Almost all enterprises made use of information technology. Access to the Internet was also common. The results show that 2 out of 3 enterprises with at least ten employees had access to the Internet. Almost half of all enterprises with access to the Internet and at least ten employees had established a home page. About 1 out of 4 enterprises used an Intranet, while less than 1 out of 10 used an Extranet. Fewer enterprises took advantage of EDI than the Internet. In 1999 1 out of 5 enterprises with at least ten employees used EDI. This publication is also available via the home page of Statistics Norway, <http://www.ssb.no>.

Acknowledgement: Ministry of Trade and Industry.

Innhold

1. Innleiing	9
1.1. Nokre viktige omgrep	9
2. Hovudresultat	10
3. Bruk av IT.....	11
3.1. IT	11
4. Tilgang til Internett	16
4.1. Internett	16
4.2. Ekstern e-post.....	19
4.3. Intranett	19
4.4. Ekstranett	21
5. Bruk av Internett	23
5.1. Ålmenne bruksområde	23
5.2. Føretaket som kunde.....	24
5.3. Føretaket som leverandør	24
5.4. Barrierar for bruk av Internett	27
6. Elektronisk handel via Internett	29
6.1. Utbredelsen av elektronisk handel i næringslivet.....	29
6.2. Incitamenter for elektronisk handel.....	33
6.3. Barrierer for elektronisk handel.....	33
7. EDI.....	37
7.1. Utbredelsen av EDI i næringslivet	37
7.2. Elektronisk handel med EDI	38
8. Datainnsamling	41
8.1. Utvalg og frafall.....	41
8.2. Praktisk gjennomføring.....	42
8.3. Svarprosenter	42
8.4. Beregninger.....	42
8.5. Vekting.....	43
8.6. Utvalgsvarians.....	43
Vedlegg	
A. Følgeskriv	44
B. Spørreskjema.....	46
Tidligere utgitt på emneområdet	50
De sist utgitte publikasjonene i serien Rapporter.....	51

Figurregister

2. Hovedresultat

- 2.1. Delen føretak med minst 1 prosent omsetning frå bestillingar via Internett. 1998-2000. Prosent 10
- 2.2. Utreiinga av informasjons- og kommunikasjons- teknologi i føretaka ved utgangen av 1999. Prosent 10

3. Bruk av IT

- 3.1. Delen føretak som brukte IT ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent 11
- 3.2. Delen føretak som brukte IT ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent..... 11
- 3.3. Delen føretak som brukte IT ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent..... 12
- 3.4. Delen føretak med lokalnett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent 12
- 3.5. Delen føretak med lokalnett ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent 12
- 3.6. Delen føretak med lokalnett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent..... 13
- 3.7. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 1999. Prosent 14
- 3.8. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 1999. Prosent 15

4. Tilgang til Internett

- 4.1. Delen føretak med tilgang til Internett. 1998-2000. Prosent 16
- 4.2. Delen føretak med tilgang til Internett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent 16
- 4.3. Delen føretak med tilgang til Internett ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent 17
- 4.4. Delen føretak med tilgang til Internett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent 18
- 4.5. Delen sysselsette i føretak med tilgang til Internett. 1998-2000. Prosent..... 18
- 4.6. Delen føretak med Intranett. 1998-2000. Prosent..... 19
- 4.7. Delen føretak med Intranett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent 19
- 4.8. Delen føretak med Intranett ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent..... 20
- 4.9. Delen føretak med Intranett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent..... 20
- 4.10. Delen føretak med Ekstranett. 1998-2000. Prosent..... 21
- 4.11. Delen føretak med Ekstranett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent 21
- 4.12. Delen føretak med Ekstranett ved utgangen 1999, etter næringsområde. Prosent..... 22
- 4.13. Delen føretak med Ekstranett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent..... 22

5. Bruk av Internett

- 5.1. Ålmenn bruk av føretak av Internett. 1999. Prosent..... 23
- 5.2. Bruk av Internett av føretaket som kunde. 1999. Prosent..... 24
- 5.3. Delen føretak med heimeside. 1998-2000. Prosent..... 24
- 5.4. Delen føretak med heimeside ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent 25
- 5.5. Delen føretak med heimeside ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent 25
- 5.6. Delen føretak med heimeside ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent..... 26
- 5.7. Bruk av heimesider. 1999. Prosent..... 26
- 5.8. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak med Internett som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 1999. Prosent 27
- 5.9. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak utan Internett som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 1999. Prosent 28

6. Elektronisk handel via Internett

- 6.1. Andel foretak som har hatt minst 1 prosent omsetning fra bestillinger via Internett..... 29
- 6.2. Andel foretak med elektronisk handel i løpet av 1999 og forventet i 2000, etter næringsområde..... 29
- 6.3. Andel Internettomsetning blant foretakene som hadde e-handel i 1999 og forventet e-handel i 2000 30
- 6.4. Andel foretak som mottar betaling over Internett. 1998-2000..... 31
- 6.5. Ulike kundegruppers betydning for foretak med e-handel i 1999 32
- 6.6. Andelen foretak med e-handel som oppgir at private forbrukere og andre foretak er kunder med stor betydning, fordelt etter næring. 1999 32
- 6.7. Faktorer med stor betydning for foretakenes aktiviteter med hensyn til elektronisk handel. 1999 32
- 6.8. Barrierer av stor betydning for nåværende og fremtidig e-handel. 1999 33

7. EDI

7.1.	Andelen norske foretak som har tatt, eller forventer å ta i bruk EDI. 1998-2000.....	37
7.2.	Andelen norske foretak med EDI i 1999	38
7.3.	EDI-kommunikasjonsparter, 1999	38
7.4.	Andelen foretak med EDI, som har minst 1 prosent av omsetningen fra EDI. 1998-2000.....	39
7.5.	Andel EDI-omsetning blant foretakene som hadde EDI-omsetning. 1999-2000	39

8. Datainnsamling

8.1.	Oversikt over svarinngangen.....	42
------	----------------------------------	----

Tabellregister

3. Bruk av IT	
3.1. Delen tilsette i næringslivet som brukte PC eller annan arbeidsstasjon. 1999. Prosent.....	13
3.2. Delen tilsette i næringslivet som brukte ein PC tilslutta lokalnettet. 1999. Prosent	14
3.3. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 1999. Prosent...	15
3.4. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 1999. Prosent ..	15
4. Tilgang til Internett	
4.1. Føretak med tilgang til Internett, etter mengd sysselsette. 1998-2000. Prosent.....	17
4.2. Føretak med tilgang til Internett, etter næringsområde. 1998-2000. Prosent	17
4.3. Føretak med tilgang til Internett, etter fylke. 1998-2000. Prosent	17
4.4. Delen av datamaskinene til føretaka med tilgang til Internett. 1999. Prosent	18
4.5. Føretak med Intranett, etter mengd sysselsette. 1998-2000. Prosent	19
4.6. Føretak med Intranett, etter næringsområde. 1998-2000. Prosent.....	19
4.7. Føretak med Intranett, etter fylke. 1998-2000. Prosent.....	20
4.8. Føretak med Ekstranett, etter mengd sysselsette. 1998-2000. Prosent.....	21
4.9. Føretak med Ekstranett, etter næringsområde. 1998-2000. Prosent	22
4.10. Føretak med Ekstranett, etter fylke. 1998-2000. Prosent	22
5. Bruk av Internett	
5.1. Ålmenn bruk av føretaka av Internett. 1998-2000. Prosent.....	23
5.2. Bruk av Internett av føretaket som kunde. 1998-2000. Prosent	24
5.3. Føretak med heimeside, etter mengd sysselsette. 1998-2000. Prosent.....	25
5.4. Føretak med heimeside, etter næringsområde. 1998-2000. Prosent	25
5.5. Føretak med heimeside, etter fylke. 1998-2000. Prosent	26
5.6. Bruk av heimesider. 1998-2000. Prosent.....	27
5.7. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak med tilgang til Internett som oppgav ulike barrierar etter innverknad. 1999. Prosent.....	27
5.8. Barrierar mot bruk av Internett. Delen føretak utan tilgang til Internett som oppgav ulike barrierar etter innverknad. 1999. Prosent.....	28
6. Elektronisk handel via Internett	
6.1. Andel Internettomsetning blant foretakene med e-handel i 1999, etter antall sysselsatte.....	31
6.2. Andel foretak med elektronisk handel, etter næring og antall sysselsatte. 1999-2000.	34
6.3. Andel Internettomsetning blant foretakene som har e-handel. 1998-2000. Prosent.....	35
6.4. Ulike kundegruppers betydning for foretak med e-handel. 1999. Prosent.....	35
6.5. Faktorer med betydning for foretakenes aktiviteter mht. elektronisk handel. 1999. Prosent.....	35
6.6. Betydningen av barrierer for nåværende og fremtidig elektronisk handel. 1999. Prosent	35
6.7. Andel kundegrupper med stor betydning for foretak med e-handel. 1999. Prosent	35
6.8. Barriere, etter næring og antall sysselsatte, for foretak uten e-handel. 1999. Prosent	36
7. EDI	
7.1. Tilgang til EDI av alle norske foretak, etter næring og antall sysselsatte. 1998-2000	40
7.2. Andel av foretakene med EDI som oppgir at ulike kommunikasjonspartnere har stor betydning, etter næring og antall sysselsatte. 1999	40
7.3. Andelen foretak med EDI, som har minst 1 prosent av omsetningen fra EDI, etter næring og antall sysselsatte. 1998-2000	40
8. Datainnsamling	
8.1. Anvendte utvalgsprosenter innenfor næringene, fordelt etter størrelsesgrupper	41
8.2. Utvalg, avgang og frafall, etter sysselsetting	41
8.3. Svarprosenter og antall besvarelser, fordelt etter størrelsesgrupper	42
8.4. Svarprosenter og antall besvarelser, fordelt etter næring	42
8.5. Forventet standardavvik for observerte prosent- andeler ved ulike utvalgsstørrelser	43

1. Innleiing

I dei seinaste åra har informasjons- og kommunikasjons-teknologi (IKT) vorte teke i bruk av stadig fleire føretak, både i Noreg og andre land. Det er venta at denne utviklinga vil halda fram i åra framover.

I alle industrialiserte statar prøver styresmaktene å leggja tilhøva til rette for meir aktiv bruk av IKT. Høge voner er knytt til effektane av denne teknologien. Mange meiner IKT vil auka produktiviteten og slik gjera verdiskapinga til næringslivet større. Internett og elektronisk handel vert vurderte som viktige for utviklinga i norsk økonomi. Det er difor nyttig å få avdekt i kva grad norsk næringsliv har teke i bruk slik teknologi.

Kring årsskiftet 1999/2000 gjennomførte Statistisk sentralbyrå for fyrste gong ei undersøking av bruken av IKT i næringslivet. Undersøkinga femna om nesten 5 000 private føretak. Norske styresmakter ynskjer å stimulere næringslivet ved å leggja til rette for elektronisk handel og forretningsdrift. Difor var undersøkinga delvis finansiert av Nærings- og handelsdepartementet. Undersøkinga vart dessutan bygd på eit nordisk samarbeid og gjev resultat som kan samanliknast med dei andre nordiske landa. I løpet av 2000 vil SSB utgje ein eigen publikasjon med nordiske samanliknbare resultat om bruken av IKT i næringslivet.

Rapporten *Bruk av informasjons- og kommunikasjons-teknologi i næringslivet 1999* skildrar utviklinga innan norsk næringsliv i 1998 og 1999. Dersom ikkje anna vert eksplisitt påpeika, syner alle figurar og tabellar tilhøva mellom føretak med minst ti sysselsette. Planane til næringslivet for 2000 vert også trekt fram ved fleire høve. Planane syner berre vurderingane i føretaka ved årsskiftet 1999/2000 og er ikkje på nokon måte SSB sin prognose for 2000. Dersom SSB får høve til å gjennomføra ei årviss undersøking, vil statistikk om den vidare utviklinga i bruken av IKT i næringslivet verta presentert. Ei årviss undersøking kan og syna eit eventuelt samanfall eller avvik mellom planlegginga/forventningane i næringslivet og dei verkelege utviklingstrekk.

Geir Martin Pilskog har skrive kapitla 3, 4 og 5, medan Erik Sverrbo har skrive kapitla 6, 7 og 8. Viktige omgrep vil verta definerte etter kvart som dei vert nytta i dei ulike kapitla.

1.1. Nokre viktige omgrep

Informasjonsteknologi (IT): datamaskiner, terminalar eller arbeidsstasjonar og det utstyret og dei programma som vert brukt av slike maskiner. I denne samanhengen vert omgrepa informasjonsteknologi og informasjons- og kommunikasjons-teknologi brukt om kvarandre til å karakterisera den same typen teknologi.

Lokalnett: fleire datamaskiner deler skrivarar, lagringskapasitet og liknande. Denne teknologien gjer det til dømes mogleg å utveksla filer mellom datamaskiner, dela programvare med meir.

Intranett: Internett-teknologi brukt internt i eit føretak. Bruk av denne teknologien gjennom interne heimesider spreier informasjon til og mellom dei tilsette i eit føretak.

Ekstranett: heimesider gjorde tilgjengelege for ei avgrensa gruppe utanfor føretaket. Kundar eller leverandørar får gjennom ein kode/passord tilgang til tenestene/produkta til føretaket.


EDI(Electronic Data Interchange): elektronisk levering av data i strukturert form mellom eige datasystem og eit framand datasystem basert på EDIFACT-standard. Ved strukturert form er det meint at den enkelte melding sendast og mottakast utan menneskeleg kontroll/inntasting. Eksempel på EDI er bestillingar, fakturaer, prislister og vareskildringar. Bestillingar motteke i EDI utgjer ein del av omsetninga for fleire føretak.

Elektronisk handel: i denne samanhengen dekkjer dette omgrepet bestillingar motteke via Internett.

2. Hovudresultat


Elektronisk handel var lite vanleg i Noreg ved utgangen av 1999. I 1999 hadde berre kvart tiande føretak med tilgang til Internett og minst ti sysselsette ei omsetning på minst ein prosent av den totale omsetninga frå elektronisk handel via Internett. Figur 2.1 syner at 8 prosent av føretaka med minst ti sysselsette og tilgang til Internett oppnådde omsetning frå bestillingar motteke via Internett. Det er likevel ein oppgang på 60 prosent frå 1998. Føretaka forventar dessutan at delen aukar med heile 90 prosent i løpet av 2000.

Figur 2.1. Delen føretak med minst 1 prosent omsetning frå bestillingar via Internett. 1998-2000. Prosent



Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi var utbreidd i næringslivet ved utgangen av 1999. Så godt som alle føretak hadde teke i bruk informasjonsteknologi. Figur 2.2 syner at 9 av 10 føretak med minst ti sysselsette nytta IT. Tilgangen til Internett var også stor. 2 av 3 føretak hadde tilgang til Internett. Om lag 1 av 4 føretak hadde Intranett, medan under 1 av 10 brukte Ekstranett. EDI var ein mindre utnytta teknologi enn Internett. 1 av 5 føretak brukte EDI.

Figur 2.2. Utbreinga av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i føretaka ved utgangen av 1999. Prosent




3. Bruk av IT

Føretaka vart spurde om dei brukte IT, til dømes data-maskiner, terminalar eller arbeidsstasjonar. Så godt som alle norske føretak nytta IT ved utgangen av 1999. Det var likevel store skilnader på delen tilsette i føretaka som deltok i denne bruken. I ein firedel av alle norske føretak med minst ti sysselsette nytta alle dei tilsette datamaskiner.

3.1. IT

89 prosent av alle norske føretak med minst ti sysselsette nytta IT ved utgangen av 1999. Figur 3.1 syner at bruken av IT varierte i høve til storleiken til føretaka. Ved utgangen av 1999 brukte 98 prosent av føretaka med 100 sysselsette eller meir IT. For føretak med 10-19 sysselsette var delen mindre, 85 prosent. Føretak med under ti sysselsette brukte IT langt mindre enn andre føretak. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav berre 55 prosent at dei nytta IT ved utgangen av 1999.


Figur 3.1. Delen føretak som brukte IT ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent




Figur 3.2 syner at delen med IT var høgast innanfor bank- og finansnæringa. I denne næringa nytta alle føretaka IT ved utgangen av 1999. Så fylgde engros-handelen, industrien og handel med motorkøyrety og drivstoff med høvesvis 97, 94 og 92 prosent. Innan både bygg og anlegg og samlegruppa Tenesteyting elles brukte 91 prosent av føretaka IT. Hotell- og restaurantnæringa nytta IT minst. Berre 77 prosent av føretaka innan denne næringa oppgav at dei brukte IT. Låg var også delen innanfor næringa transport/tele med 79 prosent.

Figur 3.3 syner at i Nord-Trøndelag brukte 99 prosent av føretaka IT ved utgangen av 1999. Så fylgde Rogaland og Oppland, baa med 94 prosent. Minst bruk


Figur 3.2. Delen føretak som brukte IT ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent



Figur 3.3. Delen føretak som brukte IT ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent




Figur 3.4. Delen føretak med lokalnett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent



av IT fanst i Telemark med 76 prosent. I alle andre fylke nytta over 80 prosent av føretaka IT. Næringsstrukturen og storleiksfordelinga til føretaka varierer

Figur 3.5. Delen føretak med lokalnett ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent




mellom fylka. Skilnader mellom fylka bør vurderast på bakgrunn av dette.

Sjølv om 89 prosent av føretaka med minst ti sysselsette brukte IT ved utgangen av 1999, nytta ikkje like mange av dei tilsette i næringslivet datamaskiner. Føretak som brukte IT vart spurdt om delen tilsette som brukte ein PC eller annan arbeidsstasjon. Tabell 3.1 syner at i mange føretak nytta berre ein del av dei tilsette IT. Berre 27 prosent av føretaka med IT og minst ti sysselsette opplyste at alle tilsette brukte datamaskiner. Vel 40 prosent av føretaka oppgav at under halvparten av dei tilsette nytta PC/annan arbeidsstasjon. Bruken av IT varierte mykje mellom føretaka. Innan bank- og finansnæringa nytta den høgaste delen tilsette datamaskiner. I denne næringa brukte alle tilsette ein datamaskin i 82 prosent av føretaka. Så fylgde samlegruppa Tenesteyting elles der alle dei tilsette i 66 prosent av føretaka nytta datamaskiner. Den lågaste delen fanst innan bygg og anlegg der alle tilsette i 5 prosent av føretaka brukte datamaskiner.

3.1.1. Lokalnett

Lokalnett gjer det mellom anna mogleg å utveksla filer mellom datamaskinene i eit føretak. 71 prosent av føretaka med IT og minst ti sysselsette hadde installert lokalnett ved utgangen av 1999. Det er ikkje overraskande at utbreiinga av lokalnettet veks med storleiken til føretaka. Figur 3.4 syner at ved utgangen av

Figur 3.6. Delen føretak med lokalnett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent



1999 brukte 95 prosent av føretaka med 100 sysselsette eller meir lokalnett. For føretak med 10-19 sysselsette var delen mindre, 60 prosent. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav berre 31 prosent at dei nytta lokalnett ved utgangen av 1999.

Figur 3.5 syner at delen med lokalnett var høgast innanfor bank- og finansnæringa. I denne næringa nytta 90 prosent av føretaka lokalnett ved utgangen av 1999. Så fylgde engroshandelen og samlegruppa Tenesteyting elles med høvesvis 86 og 85 prosent. Hotell- og restaurantnæringa nytta lokalnett minst. Berre 41 prosent av føretaka innan denne næringa oppgav at dei brukte denne teknologien. Låg var også delen innanfor detaljhandelen med 51 prosent.

Figur 3.6 syner at i Oslo brukte 83 prosent av føretaka lokalnett ved utgangen av 1999. Så fylgde Nordland og Akershus med høvesvis 81 og 79 prosent. Den minste bruken av lokalnett fanst i Sogn og Fjordane og Finnmark med høvesvis 45 og 54 prosent. Næringsstrukturen og storleiksfordelinga til føretaka varierer mellom fylka. Skilnader mellom fylka bør vurderast på bakgrunn av dette.

Sjølv om 71 prosent av føretaka med IT og minst ti sysselsette brukte lokalnett ved utgangen av 1999, arbeidde ikkje like mange av dei tilsette med datamaskiner tilslutta eit lokalnett. Føretak med lokalnett vart spurd om delen tilsette som brukte ein PC som

Tabell 3.1. Delen tilsette i næringslivet som brukte PC eller annan arbeidsstasjon. 1999. Prosent

	1-24	25-49	50-74	75-99	100
Alle føretak med 10+ sysselsette¹ ...	29	15	14	14	27
Mengd sysselsette					
10-19.....	30	12	13	13	31
20-49.....	30	19	15	12	25
50-99.....	34	16	15	16	19
100+.....	24	20	13	22	21
Næringsområde					
Industri	34	29	16	11	10
Bygg og anlegg	59	21	11	4	5
Handel med motorkøyrety og drivstoff	21	10	36	15	18
Engroshandel	8	8	12	28	44
Detaljhandel.....	29	10	15	18	28
Hotell, restaurant og catering.....	52	17	16	5	8
Transport/tele.....	33	10	13	13	31
Bank/finans	4	0	0	14	82
Tenesteyting elles	11	5	4	14	66
Fylke					
Østfold.....	24	19	10	22	25
Akershus.....	21	13	16	17	32
Oslo.....	17	8	10	18	47
Hedmark.....	43	19	13	12	13
Oppland.....	37	17	15	17	15
Buskerud.....	32	10	11	14	33
Vestfold.....	33	11	15	12	29
Telemark.....	30	34	11	5	20
Aust-Agder.....	32	32	19	5	12
Vest-Agder.....	33	17	18	10	22
Rogaland.....	23	17	23	16	22
Hordaland.....	34	18	14	12	22
Sogn og Fjordane.....	49	19	23	3	7
Møre og Romsdal.....	40	14	11	10	24
Sør-Trøndelag.....	33	17	10	13	27
Nord-Trøndelag.....	43	23	17	1	17
Nordland.....	35	19	11	14	21
Troms.....	36	18	15	8	22
Finnmark.....	31	14	29	11	15

¹ Utgjer i alt 2 662 føretak.

vartilslutta lokalnett. Tabell 3.2 syner at i mange føretak var berre ein del av datamaskinene tilknytt lokalnett. 35 prosent av føretaka med lokalnett og minst ti sysselsette opplyste at alle datamaskinene var tilslutta lokalnett. Knapt 40 prosent av føretaka oppgav at dei hadde kopla under halvparten av datamaskinene til eit lokalnett. Bruken av lokalnett varierte mykje mellom føretaka. Innan bank- og finansnæringa fanst den høgaste delen datamaskiner tilslutta eit lokalnett. I denne næringa brukte alle dei tilsette ein datamaskin tilkopla lokalnett i 85 prosent av føretaka. Så fylgde samlegruppa Tenesteyting elles der 100 prosent av datamaskinene i 67 prosent av føretaka var kopla til lokalnett. Den lågaste delen var innan bygg- og anlegg der 11 prosent av føretaka hadde kopla alle datamaskinene til lokalnett.

Tabell 3.2 Delen tilsette i næringslivet som brukte ein PC tilslutta lokalnettet. 1999. Prosent


	1-24	25-49	50-74	75-99	100
Alle føretak med 10+ sysselsette¹.	23	15	11	14	35
Mengd sysselsette					
10-19	19	14	10	14	43
20-49	27	16	13	12	31
50-99	31	16	13	16	25
100+	21	19	12	15	9
Næringsområde					
Industri	29	25	15	10	20
Bygg og anlegg	52	23	9	5	11
Handel med motorkjøretøy og drivstoff	14	22	31	8	23
Engrosjhandel	5	12	10	26	46
Detaljhandel	30	7	10	22	32
Hotell, restaurant og catering	49	24	9	5	12
Transport/tele	27	5	12	11	45
Bank/finans	0	0	0	15	85
Tenesteyting elles	7	6	3	17	67
Fylke					
Østfold	30	24	2	20	24
Akershus	21	8	15	15	40
Oslo	11	10	8	20	51
Hedmark	36	21	7	8	28
Oppland	34	16	16	17	14
Buskerud	19	14	7	16	43
Vestfold	29	14	13	13	31
Telemark	29	19	6	13	33
Aust-Agder	16	36	15	6	27
Vest-Agder	30	20	13	10	27
Rogaland	18	16	18	19	30
Hordaland	22	21	13	15	29
Sogn og Fjordane	29	25	15	6	24
Møre og Romsdal	31	14	11	7	37
Sør-Trøndelag	23	22	9	7	38
Nord-Trøndelag	37	27	11	4	21
Nordland	33	13	13	10	31
Troms	37	15	11	9	28
Finnmark	40	24	19	1	16

¹ Utgjør i alt 2 174 føretak.

3.1.2. Barrierar for bruk av IT

Føretak med og utan IT vart bedne om å oppgje kva innverknad utvalde barrierar hadde for føretaket noverande og framtidige bruk av IT. Føretaka kunne gje barrierane ulik innverknad; "ingen", "noko" eller "stor."

Figur 3.7 syner at mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket var den viktigaste barrieren blant dei føretaka som brukte IT. 21 prosent meinte denne barrieren hadde stor innverknad. 18 prosent opplyste at "for rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software" var ein viktig barriere. 14 prosent oppgav vanskar med å rekruttera IT-kvalifiserte medarbeidarar som ein barriere med stor innverknad. Ein like stor del av føretaka vurderte høgare IT-utlegg enn forventa og "manglar ein IT-strategi" som viktige barrierar. 11 prosent rekna manglande fleksibilitet hjå IT-leverandørane som ein stor barriere. Høvesvis 5 og 3 prosent oppgav

Figur 3.7. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 1999. Prosent


manglande engasjement frå leiinga og "intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT" som barrierar med stor innverknad. Opplysningane tyder på at mangelen på arbeidstakarar med kompetanse innanfor IT er største hinderet for utbreiinga av slik teknologi i næringslivet.

Tabell 3.3 syner at inndelinga av innverknaden til barrierane i "ingen", "noko" eller "stor" endra lite rekkjefylgja mellom dei. Mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket vart framleis vurdert som den viktigaste barrieren.

Ein liten del av føretaka med minst ti sysselsette, 11 prosent, brukte ikkje IT ved utgangen av 1999. I høve til føretak som brukte IT verkar skilnadene i vurderinga av barrierane relativt små. Fleire har likevel svara "veit ikkje/ikkje relevant." For nokre av desse føretaka kan svaret skjula manglande refleksjon over tilhøva. For andre føretak, i næringer der trongen for IT verkar liten, har barrierane ingen relevans. Føretak utan IT oppgav mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket som den viktigaste barrieren. Figur 3.8 syner at 18 prosent av føretaka meinte denne årsaka hadde mykje å seia for den manglande bruken av IT. Manglande IT-

Tabell 3.3. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak med IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 1999. Prosent

	Innverknad		
	Ingen	Noko	Stor
IT-utlegg høgare enn forventa	20	50	14
For rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software	19	44	18
Manglande fleksibilitet hos IT-leverandørane	25	41	11
Mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket.....	19	47	21
Vanskeleg å rekruttera IT-kvalifiserte medarbeidarar	23	31	14
Intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT	53	29	3
Manglande engasjement frå leiinga	48	33	5
Manglar ein IT-strategi.....	28	41	14


Tabell 3.4. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar, etter innverknad. 1999. Prosent

	Innverknad		
	Ingen	Noko	Stor
IT-utlegg høgare enn forventa	21	7	5
For rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software	22	8	7
Manglande fleksibilitet hos IT-leverandørane	21	9	4
Mangel på IT-kvalifisert personell i føretaket.....	17	11	18
Vanskeleg å rekruttera IT-kvalifiserte medarbeidarar	19	8	7
Intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT	24	11	6
Manglande engasjement frå leiinga	19	14	8
Manglar ein IT-strategi.....	16	9	12

strategi var ein annan viktig barriere mot bruk av IT. 12 prosent peika på dette som ein faktor med stor innverknad. Høvesvis 8 og 6 prosent meinte manglande engasjement frå leiinga og intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT var store problem. Noko fleire av føretaka som ikkje brukte IT enn føretaka med denne teknologien vurderte desse to barrierane som viktige.

Tabell 3.4 syner at ein firedel av føretaka meinte intern motstand blant medarbeidarar mot bruk av IT ikkje tydde noko for den manglande bruken av denne teknologien. Ein femdel oppgav at manglande engasjement frå leiinga var ein barriere utan innverknad. På same vis som føretaka som brukte IT, vurderte føretak utan slik teknologi desse to faktorane som lite viktige. Høvesvis 22, 21 og 21 prosent meinte for rask introduksjon av nye versjonar av eksisterande software, høgare IT-utlegg enn forventa og manglande fleksibilitet hjå IT-leverandørane ikkje tydde noko for manglande bruk av IT.

Figur 3.8. Barrierar mot bruk av IT. Delen føretak utan IT som oppgav ulike barrierar med stor innverknad. 1999. Prosent



4. Tilgang til Internett


Føretaka vart spurde om når ymse IT-system var innført eller planlagd innført. Føretak som ikkje brukte informasjonsteknologi er teke med. Dei aktuelle systema var Internett, ekstern e-post, Intranett og Ekstranett.

4.1. Internett

To av tre føretak med minst ti sysselsette hadde tilgang til Internett ved utgangen av 1999. Internett var meir utbreidd mellom store føretak enn i dei små føretaka. Delen med denne teknologien var høgast innanfor bank- og finansnæringa og lågast i detaljhandelen. Den største delen med Internett fanst i Troms og Akershus, medan delen var lågast i Finnmark og Hedmark.

Figur 4.1 syner at 66 prosent av norske føretak med minst ti sysselsette hadde tilgang til Internett ved utgangen av 1999. Delen auka mykje i løpet av det siste året og gjekk opp frå 40 prosent ved utgangen av 1998. Dersom planane til føretaka vert gjennomførte, vil også 2000 gje ein vekst i tilkoplinga til Internett. 11

Figur 4.1. Delen føretak med tilgang til Internett. 1998-2000. Prosent




prosent av føretaka oppgav at dei hadde planar om å oppretta tilgang til Internett i løpet av dette året.

Figur 4.2 syner at tilgangen til Internett varierte mykje etter storleiken til føretaka. Ved utgangen av 1999 hadde 87 prosent av føretaka med 100 sysselsette eller meir tilgang til Internett. For føretak med 10-19 sysselsette var delen berre 58 prosent. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav ikkje meir enn 33 prosent å ha tilgang til Internett ved utgangen av 1999.

Tabell 4.1 syner at større føretak hadde lengst røynsle med Internett. 60 prosent av føretaka med minst 100 sysselsette var kopla til nettet i 1998 eller tidlegare mot berre 19 prosent av føretaka med under ti sysselsette. Planane til føretak med 10-19 sysselsette tyder på høgast vekst i denne gruppa. Sidan ein mykje større del av dei større føretaka allereie er kopla til nettet, minkar den forventta auken til føretaka med aukande storleik.

Figur 4.2. Delen føretak med tilgang til Internett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent



Tabell 4.1. Føretak med tilgang til Internett, etter mengd sysselsette. 1998-2000. Prosent

	1998 eller tidlegare	1999	2000 ¹	1999 eller tidlegare
Alle føretak med 10+ sysselsette.....	40	26	11	66
Mengd sysselsette				
1-9	19	14	9	33
10-19	34	24	12	58
20-49	43	29	11	72
50-99	52	31	7	83
100+	60	27	6	87

¹ Planar om Internett i 2000.

Tabell 4.2. Føretak med tilgang til Internett, etter næringsområde. 1998-2000. Prosent

	1998 eller tidlegare	1999	2000 ¹	1999 eller tidlegare
Alle føretak.....	40	26	11	66
Næring				
Industri	48	27	10	75
Bygg og anlegg.....	35	35	13	70
Handel med motorkørety og drivstoff	39	32	10	71
Engroshandel	46	32	11	78
Detaljhandel.....	19	20	13	39
Hotell, restaurant og catering .	30	23	14	53
Transport/tele.....	34	26	8	60
Bank/finans	44	50	4	94
Tenesteyting elles	60	17	8	77

¹ Planar om Internett i 2000.


Tabell 4.3. Føretak med tilgang til Internett, etter fylke. 1998-2000. Prosent

	1998 eller tidlegare	1999	2000 ¹	1999 eller tidlegare
Landet i alt.....	40	26	11	66
Østfold	25	30	11	55
Akershus.....	43	31	5	74
Oslo.....	50	22	10	72
Hedmark.....	23	28	16	51
Oppland	37	30	20	67
Buskerud	35	26	16	61
Vestfold	40	25	11	65
Telemark.....	34	25	7	59
Aust-Agder	38	32	5	70
Vest-Agder.....	32	28	6	60
Rogaland	47	22	14	69
Hordaland.....	34	30	8	64
Sogn og Fjordane	32	33	5	65
Møre og Romsdal.....	45	23	8	68
Sør-Trøndelag	45	23	15	68
Nord-Trøndelag.....	47	24	8	71
Nordland	42	24	10	66
Troms	38	39	9	77
Finnmark	36	12	11	48

¹ Planar om Internett i 2000.

Figur 4.3 syner at delen med Internett er høgast innanfor bank- og finansnæringa. I denne næringa hadde 94 prosent av føretaka denne teknologien ved utgangen av 1999. Så fylgde engroshandelen, Tenesteyting elles og industrien med høvesvis 78, 77

Figur 4.3. Delen føretak med tilgang til Internett ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent




og 75 prosent. I motsett ende oppgav berre 39 prosent av føretaka innanfor detaljhandelen å ha tilgang til Internett. Låg var også delen innanfor hotell- og restaurantnæringa med 53 prosent.

Tabell 4.2 syner at skilnadene mellom næringane kring tilgangen til Internett held på å verta noko utjamna. Ifylgje planane for 2000 vil høvesvis 14 og 13 prosent av føretaka innanfor hotell- og restaurantnæringa og detaljhandelen oppretta tilgang til Internett i løpet av dette året og såleis ta litt innpå gjennomsnittet. Det er likevel liten skilnad mellom planane til desse to næringane og planane til gjennomsnittet, 11 prosent.


Figur 4.4 syner at i Troms hadde 77 prosent av føretaka tilgang til Internett ved utgangen av 1999. Så fylgde Akershus og Oslo med høvesvis 74 og 72 prosent. Lågast del med Internett fanst i Finnmark og Hedmark. I desse fylka var tilgangen til Internett langt lågare enn elles i landet. I Finnmark hadde berre 48 prosent av føretaka tilgang til Internett i 1999, medan delen i Hedmark var 51 prosent.

Tabell 4.3 tyder på at den regionale variasjonen kring tilgangen til Internett, med nokre unntak, held på å verta utjamna. Dersom planane vert gjennomførte, vil 16 prosent av føretaka i Hedmark oppretta tilgang til Internett i løpet av 2000 og såleis ta innpå landsgjennomsnittet. Planane til føretaka i Finnmark var langt mindre ekspansive. 11 prosent, det same som landsgjennomsnittet, av føretaka i fylket planla å oppretta tilgang til Internett i 2000. Næringsstruktur og storleikfordelinga til føretaka varierer mellom fylka. Skilnader mellom fylka bør vurderast på bakgrunn av dette.

Figur 4.4. Delen føretak med tilgang til Internett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent



Figur 4.5. Delen sysselsette i føretak med tilgang til Internett. 1998-2000. Prosent



Sjølvs om 66 prosent av føretaka med minst ti sysselsette hadde tilgang til Internett ved utgangen av 1999, var ikkje denne teknologien tilgjengeleg for like mange av dei sysselsette i næringslivet. Føretak som bruka eller venta å bruka Internett innan utgangen av 2000, vart spurdt om delen datamaskiner med tilgang til

Tabell 4.4. Delen av datamaskinene til føretaka med tilgang til Internett. 1999. Prosent


	0	1-24	25-49	50-74	75-99	100
Alle føretak med 10+ sysselsette¹.	8	30	11	12	8	30
Mengd sysselsette						
10-19	11	24	12	14	6	34
20-49	7	34	11	11	10	27
50-99	3	38	10	10	11	28
100+	3	34	9	11	15	27
Næringsområde						
Industri	6	36	12	14	10	22
Bygg og anlegg	11	31	13	13	3	29
Handel med motorkøyrety og drivstoff	10	30	16	13	13	18
Engros handel	6	32	10	9	11	32
Detaljhandel	19	39	9	14	4	15
Hotell, restaurant og catering	13	21	10	24	10	22
Transport/tele	7	25	6	11	8	43
Bank/finans	1	22	7	6	4	60
Tenesteyting elles	3	17	11	6	8	54
Fylke						
Østfold	12	29	9	11	14	25
Akershus	3	35	9	11	11	32
Oslo	7	23	9	7	10	45
Hedmark	14	28	10	17	6	24
Oppland	14	32	10	17	10	17
Buskerud	13	29	12	10	6	30
Vestfold	8	35	9	13	9	26
Telemark	8	28	22	20	5	17
Aust-Agder	4	33	15	12	6	30
Vest-Agder	4	37	11	13	9	26
Rogaland	9	26	16	12	8	29
Hordaland	7	30	12	13	10	28
Sogn og Fjordane	8	36	7	14	17	19
Møre og Romsdal	8	33	9	19	5	27
Sør-Trøndelag	6	35	12	9	6	32
Nord-Trøndelag	1	20	16	33	12	17
Nordland	20	30	7	16	4	24
Troms	6	31	16	10	4	34
Finnmark	12	25	10	7	2	44

¹ Utgjør i alt 2 383 føretak.

Internett. Tabell 4.4 syner at i mange føretak var berre ein del av datamaskinene kopla til Internettet. Berre eitt av tre føretak med Internett opplyste at alle datamaskinene var på nett ved utgangen av 1999. For om lag halvparten av føretaka var under halvparten av datamaskinene kopla til Internett. Tilkoplinga til nettet varierte mykje mellom føretaka. Flest datamaskiner kopla til Internettet fanst innan bank- og finansnæringa. I denne næringa hadde 60 prosent av føretaka oppretta tilgang til Internett for 100 prosent av datamaskinene. Så fylgde samlegruppa Tenesteyting elles med 54 prosent av føretaka med alle datamaskinene kopla til nettet. Den lågaste delen fanst i detaljhandelen der 15 prosent av føretaka hadde 100 prosent av datamaskinene kopla til Internett.

Tilgangen til Internett er i denne rapporten hovudsakleg målt med utgangspunkt i mengda føretak. Det gjev ikkje informasjon om delen sysselsette i føretak med tilgang til Internettet. Store føretak med høg tilgang til Internett tyder meir for sysselsetjinga enn små føretak med låg tilgang til nettet. Figur 4.5 syner difor at 82 prosent

Figur 4.6. Delen føretak med Intranett. 1998-2000. Prosent



av dei sysselsette ved utgangen av 1999 arbeidde i føretak med tilgang til Internett (i føretak med minst ti sysselsette). Delen auka mykje i løpet av det siste året og gjekk opp frå 58 prosent ved utgangen av 1998.

4.2. Ekstern e-post

Føretaka vart, uavhengig av tilgangen til Internett, spurd om høvet til å senda ekstern e-post. I alt 67 prosent av føretaka hadde ved utgangen av 1999 tilgang til e-post. Det svara nesten til mengda føretak med tilgang til Internett på same tidspunktet, 66 prosent. Føretak med tilgang til e-post og utan tilgang til Internett utgjorde såleis ikkje meir enn 1 prosent. Sidan tilgang til Internett som regel inneber eit høve til å senda elektronisk post, verkar det som om Internettet var den klårt dominerande plattformen for e-post i 1999.


4.3. Intranett

Med Intranett er det meint bruk av Internett internt i eit føretak. Figur 4.6 syner vekst i bruken av Intranett i næringslivet. I 1999 voks bruken av Intranett med knapt 80 prosent, frå 13 prosent i 1998 til 23 ved utgangen av 1999. Planane til føretaka tyder på ein stor vekst også i 2000.

Figur 4.7 syner at storleiken til føretaka tyder mykje for utbreiinga av Intranett. Mellom dei mindre føretaka med 10-19 sysselsette hadde 15 prosent Intranett ved utgangen til 1999 mot 53 blant føretak med minst 100 sysselsette. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette oppgav ikkje meir enn 5 prosent å ha tilgang til Intranett ved utgangen av 1999.

Tabell 4.5 syner at denne skilnaden, ifylgje planane til føretaka for 2000, er i ferd med å auka. 6 prosent av

Figur 4.7. Delen føretak med Intranett ved utgangen av 1999, etter sysselsetjing. Prosent



Tabell 4.5. Føretak med Intranett, etter mengd sysselsette. 1998-2000. Prosent

	1998 eller tidlegare	1999	2000 ¹	1999 eller tidlegare
Alle føretak med 10+ sysselsette	13	10	9	23
Mengd sysselsette				
1-9.....	2	2	3	4
10-19.....	8	7	6	15
20-49.....	14	12	9	26
50-99.....	20	16	13	36
100+.....	33	20	19	53



¹ Planar om Intranett i 2000.

Tabell 4.6. Føretak med Intranett, etter næringsområde. 1998-2000. Prosent

	1998 eller tidlegare	1999	2000 ¹	1999 eller tidlegare
Alle føretak	13	10	9	23
Næring				
Industri	13	13	8	26
Bygg og anlegg	5	8	9	13
Handel med motorkøyrety og drivstoff	17	17	11	34
Engroshandel	21	11	14	32
Detaljhandel	6	13	10	19
Hotell, restaurant og catering	4	4	4	8
Transport/tele	11	10	5	21
Bank/finans	25	32	10	57
Tenesteyting elles	24	11	8	35

¹ Planar om Intranett i 2000.

føretaka med 10-19 sysselsette venta å innføra Intranett i 2000 mot 19 prosent blant føretak med minst 100 sysselsette. I utvalet av dei minste føretaka med under ti sysselsette planla ikkje meir enn 3 prosent å ta i bruk Intranett i 2000.

Figur 4.8. Delen føretak med Intranett ved utgangen av 1999, etter næringsområde. Prosent**Figur 4.9. Delen føretak med Intranett ved utgangen av 1999, etter fylke. Prosent**

Bruken av Intranett varierte mykje mellom næringane. Mest utbreidd var denne teknologien innanfor bank- og finansnæringa. Figur 4.8 syner at 57 prosent av føretaka i denne næringa hadde Intranett ved utgangen av 1999. Så fylgde samlegruppa Tenesteyting elles, handel med motorkøyrety og drivstoff og engroshandelen med høvesvis 35, 34 og 32 prosent. Intranett var minst van-

Tabell 4.7. Føretak med Intranett, etter fylke. 1998-2000. Prosent

	1998 eller tidlegare	1999	2000 ¹	1999 eller tidlegare
Landet i alt	13	10	9	23
Østfold	7	8	13	15
Akershus.....	14	11	9	25
Oslo.....	23	11	10	34
Hedmark.....	10	10	5	20
Oppland	9	9	9	18
Buskerud	6	8	10	14
Vestfold.....	13	11	9	24
Telemark.....	11	8	6	19
Aust-Agder.....	13	13	3	26
Vest-Agder	10	6	6	16
Rogaland	16	11	9	27
Hordaland.....	11	8	5	19
Sogn og Fjordane.....	7	10	0	17
Møre og Romsdal.....	9	13	14	22
Sør-Trøndelag	13	13	16	26
Nord-Trøndelag.....	3	8	6	11
Nordland	11	7	6	18
Troms	13	21	4	34
Finnmark	4	11	5	15

¹ Planar om Intranett i 2000.

leg innan hotell- og restaurantnæringa. Berre 8 prosent av føretaka i den næringa hadde denne teknologien.

Ifylgje planane til føretaka for 2000 vil Intranett verta meir vanleg innanfor engroshandelen. Tabell 4.6 syner at mellom føretaka i engroshandelen planla 14 prosent å ta i bruk denne teknologien dette året. 11 prosent av føretaka i næringa handel med motorkøyrety og drivstoff planla å bruka Intranett i 2000. Dersom planane vert gjennomførte, vil både detaljhandelen og bank- og finansnæringa få ein vekst på 10 prosentpoeng. Den minste veksten var planlagd i næringa med dårlegast utgangspunkt, hotell- og restaurantnæringa. Innan denne næringa planla berre 4 prosent av føretaka å ta i bruk Intranett i 2000.

Det fanst store regionale variasjonar i utnyttinga av Intranett. Figur 4.9 syner at i både Oslo og Troms hadde 34 prosent av føretaka teke i bruk Intranett ved utgangen av 1999. Så fylgde Rogaland med 27 prosent. Både i Sør-Trøndelag og Aust-Agder brukte 26 prosent av føretaka denne teknologien ved utgangen av 1999. Lågast del med Intranett fanst i Nord-Trøndelag. I dette fylket hadde berre 11 prosent av føretaka teke i bruk Intranett ved utgangen av 1999. Næringsstruktur og storleiksfordelinga av føretaka varierer mellom fylka. Skilnader mellom fylka bør vurderast på bakgrunn av dette.

